

# i u-lage

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag

05/05



Stratego  
Sommarslo  
Inspirasjon på Bru  
Ung og sporty  
Eg husa før  
Sankt Hans

"Javel,  
ude å  
nyde  
solå?"  
Leiar

Av: Øystein Bergøy

Då var det fullbrakt. Nok ein sesong for ungdomslagsstyra er over og sommarkomitéen har teke over ror, segl og kjøl.

I dette nummeret av i-ulage kan du m.a. lesa om turen ungdomslaget arrangerte til Bru. Eg var sjølv så heldig at eg fekk anledning og lov til å vere med. Turen var ei hending eg ikkje hadde nølt eit sekund på å bli med på igjen. Det gleda meg stort å sjå kor mykje deltakarane stolte på kvarandre, og bakka kvarandre opp. Miljøet me har i ungdomslaget er verkeleg unikt folkens!

Eg kan også stolt fortelje at me har fått Tor Øyvind Skeiseid, ein ekte ungdomslagshovding, til å opne ei splitter ny spalte i avisa: "Eg husa før". I denne spalta vil me invitere personar med fartstid i ungdomslaget til å skrive om artige hendingar, unike fenomen på Lauvsnes eller noko anna dei hugsar godt eller var opptekne av medan dei gjekk i ungdomslaget.

Dette og mykje meir kan du lese om medan du ligg ute i graset i sola og trekk inn eimen av rododendron med eit hint av hevd. Kanskje har du eit strå med jordbær på? Kva veit vel eg?  
Uansett vil me i redaksjonen ynskje deg og dine, samt dine eventuelle husdyr, avgjellte eller ikkje, ein sær god og fortent sommar!

## Siste verk

### Formannshilsen

Av: Marianne Ildstad

Om litt øve ein måned seie eg takk og farvel som formann, summa summarum e detta siste gongen eg skrive te den spektakulære aviså vår, som gjer det stort som formidlingsorgan for laget vårt! For når hausten tar te forville eg meg nemlig inn blant Universitetets kolossale vegger, for å studera sjukepleien og bli ein av dei kvite frakkane som flaggre rundt i korridorane på SIR, som nurse Ildstad. Det e nå jaffal planen. Så då lar eg heller min bedre halvdel øveta, an Kjell Morten. Det blir kjempe bra! Trur det e på tide at ein gutt sitte på "høgsetet" igjen, lenge si sist. Så då e det altså slutt på at Ildstad jentene ska "sjefa", for nå dukke me ikkje opp igjen, me låve:) . Kjell Morten kjeme te å mestra formannsjobben så godt som bare det! Ein oppegående, fornuftige og ansvarsfulle tømmermann med sikker tru kan ikkje slå feil! Og gjengen han får med seg e ein goe gjeng, så bra blir det!

Sånn som d ligge an nå, blir dei 11stk i hovudstyret, med kasserar, og av dei e 3 jenter. Dvs et stort fleirtal av guttar, det e ikkje te å forakta, kjekke utvikling! OG i stikk innom styret e der nå 13stk som har sagt ja te å ver med, det e jo heilt legenda-risk bra!

Si detta e mitt siste "verk", e det vell normalt å ta ein oppsummering for året, så her kjeme ein kjappe ein, litt hulter te bulter( eg har nemlig ein tendenes te å skriva litt vel langt,så...):

Som vanligt har detta vore et år som har gått litt i bølgedalar når det gjelde oppmøte, aktivitet, motivasjon og følelsen av at alt e onna kontroll. Stavtjørn e ein av dessa tingå som har prega det sista halvåret mest, negativt. Men som tidligare sagt: me lere av feil, og frustrerte følelsar e lagt vekk for lengst. Engasjementet i styrene har variert, men har jamnt øve vore imponerane bra, spør du meg! Men me må aldri gi opp på å bli bedre, me vokse og lere stadigt!

Blant positive saker kan eg nevna: me starta susande bra med mången sjefs bra

arrangement blant aent Den store ville vesten festen, air hockeyen har vore med på å skapa møje glede blant medlemmene våre, mången ikkje-styremedlem har stilt frivillig opp og hjelpe te, andakt på hovudstyremøtene har blitt ein obligatoriske del, bønnestundene på loftet e ennå fredagskveldanes viktigaste del, Ungdomsmøtene har vore meget bra åndelig sett, forbønn har blitt ein normale og viktige "ting" på møtene våre, lovsongen har tatt seg betraktelig opp utpå vår parten, nettsiå vår: enormt bra, inspirasjonstur te Bru: fantastisk, masse nytt utstyr: ny prosjektor, nytt varmelegg, nye bord, nytt keyboard, ny overhead, egen skrivar, egen mobil... masse nytt og nyttigt har me fått oss, ting som me trong og som e knagande greie å ha. Som dokk forstår: Gud har velsigna oss rikt! Å møje meir positivt kunne eg fonne fram om eg hadde leita meir.

Som snart avtroppande formann må eg få sei eg e utroligt stolte av Ungdomslaget vårt! Å beæra øve å fått ha vore formann for andre gong...lille meg..ei av Gud sine brikker i Hans stora puslespel...heilt stort! TAKK! Takk te kvar ein av dokk som har vore med i hovudstyret, e dokk eg har hatt mest med: takk for innsatsen og takk for at eg har fått sjå fleire av dokk voksa åndelig sett i løpe av åre, dokk e adle i samen modige! Å takk te adle i stikk innom styret, e et kjempe viktig arbeid dokk gjere! Takk te adle som har lagt arbeidet vårt fram for Gud i bønn! Takk for adle som har tatt seg tid te å holda andakt for oss, God bless you! Takk te adle som har stelt i stand mat og digg te arrangementå våre! Takk te adle som har hjelpe te med dugnadsarbeid og te adle som har støtta oss! Støtte og bønn e ufattelig viktig, ikkje slutt med det!

Te slutt vil eg ønska sommar komiteen lykke te me arbeidet! Takk te kvar og ein som sa ja te å holda ungdomslaget gåande i sommar og! Å te styrene te hausten: sjøl om eg trekke meg ut frå styrå så hjelpe eg gledelig te om dokk trenge det. Måtte Gud velsigna kvar og ein av dokk rikt! Takk for meg, og ha ein goe sommar alle mann!

# Lit på Herren

## Andakt

Av: Arna Eggebø

I det sista har eg gått og tenkt litt på Gud og kor fantastiske han faktisk er! Det er ganske ufattelig kor glad han er i oss, at han sendte sonen sin for å dø for mine og dine synder! Det er så godt å tenka på!

Ein annan ting som eg likar og tenka på er det at du alltid kan stola på han, noko som han gong på gong fortel oss i bibelen. Eit av yndlingsversa mine handlar om nettopp dette:

*"Lit på Herren av heile ditt hjarta, og set ikkje lit til ditt vit!" Ordt 3,5*

Dette verset får meg alltid til å slappa av. Gud har ein plan! Bare tenk på det som står. Stol på Herren og han vil hjelpe deg med du trengje hjelp til! Det gjer

meg ei ufattelig god følelse av å vera trygg. Uansett kor vanskelig livet blir, uansett kor du ende opp og uansett kva du står ovanfor, så er Gud der og han kan du alltid stola på!

Når eg gjekk ut av 10. klasse lurte eg ganske masse på kor eg skulle gå. Alternativa var Lundeneset eller Strand. Eg hadde ikkje peiling på kva eg skulle velgja. Det var då eg kom over dette verset. Det hjalp meg kjempe masse! Eg forsto at Gud var der og hjalp meg med å avgjera kor eg skulle. Og det gjorde han virkeligt! Han viste meg den veien som var meint for meg! Det er eg sikker på.

I salmane 37,5 står det: *"Legg din veg i Herrens han, lit på han, så skal han gripa inn."* Dette verset er også kjempe fint, og det lignar ganske masse på det i

ordtøka, bare at her står det at du skal legga din vei i hans hender, altså legga livet ditt i hans hender, og at han då skal hjelpe deg på den veien som er meint for deg! Han er der og passer på at alt går slik som det skal!

Eg er ein av dei personane som ikkje likar det at eg må bestemma alt sjølv, og eg har ofta tenkt "kaffor kan ikkje bare alt vera bestemt på forhånd? Det hadde jo vore kjempe greit!" Men så kjem eg på at det faktisk er det, bare at eg ikkje får vita den heilt ennå! Det er altså ein plan for mitt liv som Gud har lagt, og den har han lovt at han skal hjelpe meg å finna! Gud er virkelig fantastiske! Du trengje ikkje gå og grubla over kva du skal gjera, du kan bare legga det i hans hender, stola på han, så hjelpe han deg! Så; lit på Herren av heile ditt hjarta, og stol ikkje på ditt vit!

# Hei hei :)

## Sommarkomitéhilsen

Av: Kristi Landa

Då va endelig sommaren her, någe så betyr at sommarkomiteen har tatt øve ansvaret på ungdomslage. Me i sommarkomiteen håbe og trur at dette vil ble en kjempe kjekke sommar. Me har jaffal mange kjekke arrangement på lur, så me håbe på at mange vil møda opp på det som skjer framøve. Någe av d me kan frista me e blant aent: Båttur m/ øvenatting, volleyball i Kvidevig, bilrebus, boksen av i Teigen +++ . Ellers vil d ble sommar cafe kvar onsdag kl 2100. Her e d me andre ord møye å gleda seg t. D einaste me mangle nå e d fina vere, for som dokk ser ska mange av arrangementtå våre ver ude og me e derfor avhengig av fint ver. Derfor må dokk gjerna ver me å be for oss og alle arrangementtå så ligge framføre oss.

For dei som lure består sommarkomiteen av:

**Kristi Landa (leder)**  
**Kjetil Sevheim**  
**Hanna Nordbø**  
**Marita Handeland**  
**Terje Madland**  
**Marita Sandanger**

Viss d e någe dokk lure på e d bare å ta kontakt me ein av oss. Då vil eg ønska alle samene en riktig god sommar.

Hilse dokk me ett bibelvers:

*"Gud ser ikke på det som menneskene ser på. Menneskene ser på det ytre, men Herren ser på hjertet." 1 Samuelsbok 16,7b*

## Sommarens arrangement

25. juni	Skattejakt
29. juni	Sommarcafe
1.-3.juli	Tur til Folgefonna
2. juli	SU DOKU
6. juli	Sommarcafe
9. juli	Volleyball i Kvidevig
13. juli	Sommarcafe
16. juli	Sommarcafe
20. juli	Sommarcafe
23. juli	Boksen av i Teigen
27. juli	Fokus kvell
30. juli	Båttur m/ øvenatting
3. august	Bilrebus

# Sommarsida

## Aktiviter i sommarvarmen


**1. Labyrint á la Lars (sånn går det med dei som ikkje leverer tekstar innan deadline)**

Å nei! Lars Vangen har kjørt seg vill på Vestsiå! Kan du hjelpe han med å finna vegen til småjentene? Dersom du mislykkast er utfalla eit av desse: Koffertsnakk hjå Lars Reilstad, råning på Judaberg eller ein rolig kveld heime på Faahadle i armkroken til mamma Beate og pappa Leif. Du bør konsentrere blikket og prøve å redde kvelden for Veslevangen.

**2. Finn 6 feil (så enkel at t.o.m lågtutdanna læringar på Byggmakker Ladstein klarer denne)**

Kva manglar i tekst nr 2 i høve til tekst nr 1?

1. [www.iulage.no](http://www.iulage.no) 2. [www. .no](http://www. .no)



# Ung og sporty

## 28. mai



-"Heia fotball!" (Henning prøve å visa interesse)



"Ja, hadde me bare hatt ein ball óg nå, så hadde kvellen jaffall blitt heilt konge"

Av: Idunn Landa

**Den 28. mai samlas ein jeng me spreke finnøyungdommar og ein jeng me tyskarar seg på finnøyse-nyralskule.**

Der fekk dei utfolla seg i forskjellige idrettsleker, som fotball volleyball og kubb. Me hadde strålanes vær og det såg ut som om normenn og tysarar koste seg i shön forening. Me fekk andakt av Øystein Eggebø og eg vil sei at det blei ein vellykka kvell!

# Inspirasjon på Bru

11. juni



Kongsvigens extremeferiar: økonomiklassen



Eg visste eg sgo ha vore heima!" Terje e hallkalle t oppgavene

Av: Marie Lunde

**Dagen itte eg fekk sommarferie, og på Eileen sin bursdag, reiste ungdomslaget til Bru. Takket være ein ny sjåfør blei det nok bilar te å ta me alle samem, pluss ei farmor. Eg har vore på Bru før, og vett ein del koss opplegget e. Spenningen ligge litt i; ska me få gjer det eller det i år, eller e der noye nytt?**

Men for Hanna derimot, va alt nytt denne dagen. Sjøl om hu e 18 år, har hu faktisk ALDRI vore me te Bru før. Derfor tog et lite uhøytidelig intervju me hu i vannsengå mi. Intervjuet foregjeikk slig at eg ganske enkelt lot hu fortella om dagen sin. Værsegod Hanna.



"Our house, in the middle of our street"

Det va ein tidleg morgon, og eg, Hanna hadde vore sjuge i tri lange dagar. Men te tross for dette, blei eg me på turen, for eg hadde gleda meg masse. Eg viste jo kje heilt ka eg gleda meg te då, men... Fysst så måtte me lova å verr positive, støtte dei andre og gjera så godt me kunne. Det va fullt opplegg me aktiviteter og alle aktivitetane måtte ein samarbeid- da om for å få di te. Ein va heile tiå avhengig av å stola på dei andre for å få de te. Heldigvis va alle positivt innstilt, og me fekk masse skrøyd for samarbeidet vårt. Det va festligt å verr blind å bli leidd. Rart at så liten avstand kan virka så lang når ein ikkje kan sjå. Det som eg kanskje syns va litt skumlast, va å lena seg bakøve frå ein høg stein med bundne hender, og stola på at eg blei tatt imot. Då kjente eg at eg fekk litt høydeskrekk, sjøl om eg egentlig ikkje har det. Dette e ein aktivitet som eg har klart å sniga meg onna i andre sammenhengar. Eg vil skrøyda av at alle gjorde ein goe innsats, og kryssa nogen grenser. Fordi alle som var med va så positive, blei det ein kjekk tur. Modige folk altså, det må eg bare sei.

Takk te deg Hanna, me vil jo ikkje røba alt som har me Bru å gjer. De e viktig å bevare litt av mystikken for dei som aldri har vore med. De bler sikkert ein

nye sjanse neste år, og då anbefale eg alle å verr me!

Ein liten ting te slutt. Eg tenkte veldig møyje øve løftene som me ga kvarandre. Utrulig kor møyje som kan skje viss me klare å verr positive, støtta di andre og samtidig gjera så godt me kan. De e ein slags liden bibel i de og. Eg trur de må verr noye av de viktigaste ein kan ta med seg fra Bru, livet eller ka som helst om du vil.



Trahaugen va særskjeptiske t Kongsvigen

# Stratego

18. juni



*Viss eg smile MASSE vise d sikkert ikkje at eg nettopp sto opp..*

Av: Hanna Nordbø

**Lordag den 18. juni va ein gjeng samla i Teigen. Me ville vera me på "Stratego". Akkurat ka det gjekk ud på, va ikkje så lett å veda for oss alle.**

Før me begynnte me dette spelet me hadde kommt for, så spelte me kubbespelet. Det va kjekt det! Någen va litt meir treffsikre enn andre, og någen syns det va kjekkare å treffa ein legg enn ein kubbe... Kem så vant e virkelig ikkje så viktig å få me..! Det kom fleire folk itekvert og "Stratego" kunne begynna. Livve, som hadde ansvar for kvelden, forklarte spelet sine reglar. Så va folkå klare te å begynna. Me blei delt inn i to lag, der kvart av lagå hadde ein Strateg.



*Boys just wanna have fun, me Marit...*




*Litt uheldig kom Camilla ud av skogen mens Idunn testa den nye (og muligens någe åpne) udedoen i Teigen*

Denne Strategen sko styra spelet og dela du kort te lage sitt. Di høge kortå kunne ta di låge. Altså måtte di me høge kort finna ud kem på det andra laget som hadde låge kort, og ta di.

Ikkje alle va heilt klar øve kor møje springing det kom te å bli. Eg blei for eksempel ekstremt sleden og annpusten.



*Hanna og Marita i kjent filmstjerne-positur*



*Eg juksa IKKJE har eg sagt!*

Fekk konstatert at eg har for dårlige kondis, nok ein gong! Det va et engasjerande spell der alle deltog. Både me å springa som någen galne, styra spelet og tenka ud smarte ting, eller gjømma seg godt blant Teigen sine beskyttande tre.

Andakten denne kvelden va det Magnar Emil som hadde. Han snakkte om kor viktig det e å sjå sine egne feil og ordna opp i dei fysst, i staen for å begynna å ordna på andre sine feil me ein gong. Me må sjå bjelken i vårt eget aua før me ser fliså i aua te den på sidå av oss, for å sei det som han sa det © Ein fin og viktig andakt.

Det va og anledning te å kjøba kioskvarer denne kvelden. Teigen va ingen hindring. Veret holdt seg fint, og det blei ein kjekke kveld!



*Der fekk du for å kødda me sveisen min!*

# Sankt Hans

23. juni



*"Du får faktisk trong t å kasta me håre når"*

Av: Marianne Ildstad

**Bål, varme og masse liv! Ja, det er tri goe ord som beskrive årets St.Hans feiring nere i Lauvsnesvågen. Me ein stappfodle ransel på ryggen labba eg ner te den o store bålplassen, denna fine kvelden mens uret viste få minutt øve 8. Å kan tru eg blei imponerte når eg kom ner, for jammen meg va der komt møje folk! Og det på tiå! Wow!**

Så gøy, tenkte eg, og det va det! Masse glæe folk som va klare for ein sosiale kvell blant bålryøk, latter og moro. Folk i adle aldersgrupper. Kjekt kjekt! Å grillmaten va på plass hjå dei fleste, så køen blei nokså lange og enkelte måtte strekka tolmodigheten ekstra langt ut denna kvelden, men goe tid hadde me og dei aller fleste magane blei nok mette, vil eg tru.



*"Hanne finne ud at kyllingen ikkje va heilt dø alligavel"*

Gjerdepålekasting, trillebårkøyring, boccia og ringspel va blant aktivitetane rastause sjeler kunne bedriva tiå med. Men så møje brukt blei det ikkje. Verst va det for bocciaen som måtte lida denne st.hans aftenen, pga av ett par ungdommars enorme kastelyst. Ja dei heiv ballane lika så godt på sjøen, så det va sukk og farvell te dei kulene...kor lurt det va vett nå ikkje eg, men men. Ikkje bare kastesjuka tobeinte skapningar fekk oppfylt sine behov, men og dei som va snopsjuka; for oppe i skråningen, blant dei yngste i laget vårt, sto ei store eska proppa av snop og digg som kunne frista kver ein gane. Shopping ute i det fri e ikkje verst! Ja, så penger tjente me og denna aftenen. Ein goe ting.

Å så øve te høydepunktet for mången: øyeblikket der eks- kledningen te Sveinung Risa sko møta flammene! Spennande! Eg for min del syns flammare lite spennande, men derimot jysla fascinerande! Men for mången va detta svært så kjekt, å enkelte gjore det di kunne for å smiska om å låna tennvëska for å få laga meir futt og fart ittekvarnt som bålet begynte å ta kvelden. Men akk, kjære guttar, dokk får leka dokk ein aen plass!

Bålet knitra i vei og gjorde Lauvsnes vågen te ein varme og goe plass denna kvelden. Herlig! Gitar og lovsongsark va



*"Hei! Sjå her!" Å få goe gruppebilder på*

og på plass, så når folk va stappmette samlast me på ein topp for å hørre kveldens andakt og synga te ære for Gud. Ei rektigt flotte samling, kor Kjetil Sevheim delte någen ord me oss, og oppfordra adle og ein te å ta seg tid te å ver aleina med Gud, sitta i stillheten og hørre på ka Han har å sei te oss. Samla tankane og fokusera på Gud. Kjempe viktig! Takk for flotte andakt Kjetil! Før me pakkte heilt i samene fekk me og besøk av brannsjef Stig, som ville sjekka koss me hadde. Trur han va fornødde me bål brenningå vår eg. Som dei fleste nok merka denna kvelden så begynte det å dryppa frå himmelen uti dei tidlige nat-tetimane, og då va det på tide å rusla heim me smilet rundt munnen, ja for detta va ein gjille kveld!



*"Eg kødde sje! Ein gong pressa eg denne råtassen av ein scooter opp i 50 - i ein nerøvebakke i mevind!"*

Eg husa Før:

# Når det bikkar over i grenseland

Av: Tor Øyvind Skeiseid

**Me tykte sjølve me var løgne. Ja me var skikkeleg flinke også. Det synet delte ikkje alle. 1991 blei eit omdiskutert år for mange.**

90-åra var mi storheitstid i Ungdomslaget. Ja eg er såpass bråkjekk at eg meiner eg var med og forma Ungdomslaget i vesentleg grad i det tiåret. Både på godt og sikkert litt vondt også. Men det var ikkje vondt meint. Det var det heller ikkje 16. november i 1991. Sjølv var eg nestleiar i hovudstyret, 17 år og kunne ikkje få nok arrangement å ha ansvar for. Så eg slo til med den banebrytande laurdagstilstellinga "Kristendom og Humor."

Dette var første gong i Ungdomslaget si historie at det var sett ei slik overskrift på eit arrangement. Saman med min gode venn Kjetil Ingebretsen og NMS-talar Olav Lepsøe, skulle me setja fokus på kva kan me le av i kristne samanhengar, korfor skal kristne le og andre gilde tema. Kjetil, som i snart eit år hadde lært av storebror Torolf å spela gitar, skulle visa seg fram. Eg stod for regien, Kjetil var blikkfanget. Saman skulle me syngja og spela "Han er min sang og min glede" på ulike versjonar. I starten av kvelden sa eg frå at ikkje alt folk fekk servert den kvelden, nødvendigvis var slik det burde. Me ville tøya og testa grenser. Men ikkje alle høyrde det eg sa, viss eg då sa det slik eg burde sagt det.

Kjetil og eg var høgt og lågt, alt frå den urytmisk rytmisk Frelsesarmeversjonen til Arne og Willy-sambandsversjonen (der alt var gildt og eg tok Willy Gundersens djupe røyst). Me køyrde rockeversjon av "Han er min sang og min glede", forresten første og siste gong eg har spelt trommer, og eit hav av andre versjonar. Men det er mulig det blei vel sterk kost då Ingebretsen og Skeiseid tok "Han er min sang og min glede" som

pinsevenner. I løpet av det minuttet blei det vel skrike meir "Halleluja" på Lauvsnes enn kva som til saman er sagt på Sion i dei 69 åra lokalet har stått.

På neste styremøte var "Kristendom og humor"-kvelden eiga sak. Kva var det me meinte med dette opptrinnet? Vel, me skulle testa grenser, svarte eg. Og kvifor overdriva slik? Vel, då blei det jo lagt merke til, meinte eg, og så kunne folk gjera seg opp ei meining. Og det var det nok mange som gjorde, ikkje bare om grensene – men om Ingebretsen og Skeiseid også.

Då var det godt å tenkja på at kamerat Kåre Vignes fekk kjeft nokre månader før. Det aller første Ungdomslagsleikbryllaupet 29. juni 1991 var ein stor suksess. Dessutan blei det ei stor påkjening for Kåre i ettertid. Sjølv var eg toastmaster i bryllaupet, Kåre var prest. Prest på Lauvsnes, med ein knakande god tale. Den hadde mor Marit skrive, på rim.

Men sitatet "Så må de leva i saman, og lat kjærleiken gro, så går det ikkje lenge før de er fleire enn to" blei i sterkaste laget for nokre sterke damer i bygda. Kåre som prest blei lyst i bann, og tatlet om bryllaupet gjekk høgt, i alle fall blant dei to damene. "Sånt tulle ein ikkje med på eit bedehus!" Kåre har alltid hatt blasfemiske trekk. Men han burde visst betre den gongen.

Om Kåre blei avfeid som prest, så fekk eg passet mitt påskrive som solist i KAOS. KAOS var ungdomskoret som stod for Kristen Aktivitet Og Song. Kaos var dessutan eit treffande ord, ettersom familien Steen hadde mange roller i koret. Eg var så heldig at eg fekk vera solist på den svenske songen "Jag er inte redd". Og for å visa at eg meinte det eg song, så satsa eg på innlevelse. På songkvelden i kyrkja, med ungt og gammalt til stades, stod også KAOS på programmet. "Jag er inte redd, jag er inte redd,

jag er inte redd, jag litar på Herren", song koret og med eit ekstra høgt "litar på Herren. Woooo" frå den hoftevriskande solisten på slutten.

"Det såg ut som om han sko pissa på seg", var kommentaren eg fekk frå ein gild misjonsmann. Mitt forsøk på å peika på VårHerre blei dermed ingen ubetingta suksess.

Men det blei ei god historie. Og når det er sagt, tenkjer eg ofte på Gud når eg er på do. Prøv det du også. Men ikkje med for mange Hallelujarop. Det blir så klatt ittepå.

## Foto- konkurranse

**I u-lage sin sommarfotokonkurranse.**

**Flott ord, flott konkurranse og flott premie. Det er vel slik ein kan skildra sommarfotokonkurransen vår med kun ein setning.**

**Me vil nemlig at du, kjære lesar, skal sende oss dine feriebilete. Om det så er harytur til Sverige, fottur på Ombo, cruiseferie i Karibien, interrail, aktivitetsferie, ferie heime eller noko heilt anna vil me gjerne sjå korleis kameralinsa di meiner de har det. Det vil bli premie til beste (og kanskje mest originale) bilete. Me vil sjølvsagt også publisere nokre av bileta i neste avis og på iulage.no.**

Send inn ditt sommarbilete til

**post@iulage.no**

Kopiert hjå:



**BYGGMAKKER Ladstein**

*Fordi det lønner seg!*



**NORBOHUS**

*Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!*